

**MØTEBOK****79/1 m.fl. Detaljregulering for steinbrudd Levåg - 1. gongs handsaming**

Utval sak	Utval	Møtedato
83/22	Utval for plan og miljø	13.12.2022

Vedlegg:

- 1 Føresegner 01.11.2022
- 2 Planomtale 01.11.2022
- 3 Konsekvensutgreiing samlerapport. 28.10.2022
- 4 Plankart 01.11.2022

Bakgrunn:

Multiconsult Norge AS fremjar planen på vegne av tiltakshavar K. Volden Transport AS. Tiltakshavar har inngått avtale med grunneigarar om uttak av stein. Avtalen har ein tidshorisont på 100 år. Planområdet er ca. 311 daa, og omfattar eigedommane gnr./bnr. 79/1, 79/18 og 80/1.

Det vart avholdt oppstartsmøte med kommunen på rådhuset 01.02.2021. Det var utarbeidd planinitiativ i forkant av oppstartsmøtet som omtalar premissane for planarbeidet.

Spørsmål om igangsetjing av planarbeidet vart lagt fram for politisk handsaming i utval for plan og miljø der utvalet vedtok å tilrå igangsetjing av planarbeidet i møte 13.4.2021 i sak 15/21. Kommunestyret vedtok tilrådinga samrøystes i vedtak 28.4.2021.

Oppstart av reguleringsarbeidet vart kunngjort i Bladet Sunnhordland 07.05.2021 og Bladet Tysnes 12.05.2021, samt på kommunen sine nettsider. Grunneigarar, naboar som er part i saka, og offentlege mynde er varsla via Altinn 07.05.2021.

Planprogrammet vart sendt på høyring med høyringsfrist 18.06.2021.

Planprogrammet vart fastsett 29.09.2021, og gjev rammer for gjennomføringa av detaljreguleringsplanen med konsekvensutgreiing.

Gjennomføringa av tiltaket krev ei rekkje godkjenningar etter ulike lovverk, dei mest sentrale er plan- og bygningslova, lov om vern mot forureining og avfall (ureininglova), lov om erverv og lov om utvinning av mineralressursar (minerallova).


Om planen:

Målet med planen er å legge til rette for steinuttak, knusing av stein og mellomlagring av massar for vidare sal. Det er påvist pukkrressurs i området med ein bergart som er godt eigna som byggeråstoff. Etterspurnaden lokalt etter denne type råstoff er stor både på Stordøya og i andre kommunar i Sunnhordland. Eksisterande lokale kjelder er i ferd med å tømmast. Direktoratet for Mineralforvaltning (DMF) har analysert marknadssituasjonen, og har kome fram til at fleire kommunar i området er tomme, eller snart blir tomme for eigenprodusert knust fjell.

Uttaket er planlagt som dagbrot, og sjølve uttaksområdet er ca. 311 daa stort. Uttaksmengda er berekna til 15 millionar tonn, med eit årleg uttak av ca. 100-200 000

tonn, avhengig av korleis marknaden utviklar seg. Tiltaket har ein tidshorisont på ca. 100 år.

Planen skal også legge til rette for mellomlagring og knusing av overskotsmasse frå andre anlegg. Steinbrotet og grustaket har eit langsiktig perspektiv. Det vil sikra byggje- og anleggsnæringa i distriktet tilgang på byggjeråstoff i lang tid framover.



Plankart med teiknforklaring

Uttak frå fjellet vil skje trinnvis først langs austre delen mot sør, mengd vert tilpassa kapasitet og marknad. Etter kvart som uttak frå eit trinn er avslutta, vert det dekkja til med overskots- og fjellreinskemassar tilrettelagt for landbruk.


Området skal førast tilbake til landbruks-, natur og friluftsområde når uttaksverksemda er avslutta.



3D prinsippsskisse for planlagt steinbrudd.

Faglege vurderingar:

Planframlegget er godt gjennomarbeidd, og naudsynte vurderingar etter det som kom fram i oppstartsmøtet, planprogrammet, fråsegner etter oppstart og aktuelt lovverk er gjennomført. Det blir difor tilrådd at planen vert 1. gongs handsama og plandokumenta sendt på høyring og offentlig ettersyn.



Plan over avkøyring/kryssløysing til steinbruddet frå E39.

Kommunedirektøren si vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren er positiv til at planen slik den føreligg kan sendast på 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Kommunen har tidlegare hatt avtale med K. Volden om uttak av steinmassar på kommunen sin eigedom i Årskog industriområde. Denne avtalen er no avslutta fordi kommunen har behov for gjenståande massar til utfylling i sjøen i Årskog i tråd med gjeldande reguleringsplan. Det vil difor vera behov for å opna opp nye område for produksjon av stein som byggemateriale i nærområdet. Transport av stein er kostbart og medfører utslepp av klimagassar. Kommunedirektøren meiner difor det vil vera viktig og gunstig med ein strategisk plassert lokal leverandør som kan levera kortreist etterspurt byggemateriale på Stordøya og til tilgrensande kommunar.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø vedtek med heimel i PBL §§12-10 og 12-11 og reglement for utval for plan og miljø §2, at planforslag for Detaljregulering for steinbrot Levåg gnr/bnr. 79/1, 79/18 og 80/1 - PlanID 4615_202101 med føresegner, planomtale med ROS-analyse og plankart datert 01.11.2022, og konsekvensutgreiing datert 28.10.2022 kan sendast på 1 gongs høyring og offentleg ettersyn.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 13.12.2022

Behandling:

Avd. leiar plan og utvikling, Øystein Sørli orienterte om saka.

Utvalet drøfta saka. Høyringsfristen vert sett til 6 veker frå den vert lagt ut på høyring.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Utval for plan og miljø vedtek med heimel i PBL §§12-10 og 12-11 og reglement for utval for plan og miljø §2, at planforslag for Detaljregulering for steinbrot Levåg gnr/bnr. 79/1, 79/18 og 80/1 - PlanID 4615_202101 med føresegner, planomtale med ROS-analyse og plankart datert 01.11.2022, og konsekvensutgreiing datert 28.10.2022 kan sendast på 1 gongs høyring og offentleg ettersyn.

Gjermund Hagesæter
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.